



Gol kommune

Se mottakertabell

Dykkar ref.	Vår ref.	Dato
	17/00607-2	03.03.2017

## Referat frå møte i skulemiljøutvalet og samarbeidsutvalet 20.02.17

Til stades: Elevrepresentantar: Andreas Hamre, Siri Toppen, Eirik Hesla Berget  
Foreldrerepresentantar: Karianne Østro, Sonja Ingebrigtsen  
Lærarrepresentantar: Laila Mehl, Mona Wibe  
Repr. for andre tilsette: Aasha Katrine Bergman  
Kommunens repr: Jan Kattenberg, Ingebjørg By Teigen  
Andre: Astrid Kvåle, inspektør og Karl Fredrik Sjøli, MOT-coach

### Saker for skulemiljøutvalet

1. Elevundersøkelsen og skulens trivselsundersøkingar  
Inspektør Astrid Kvåle la fram resultat av Elevundersøkelsen frå desember for 7. og 10. trinn. Tala viser for høge skårer på mobbing for 10. trinn. For 7. trinn er resultatane gode.  
Skulen har følgd opp resultatane ved å ha eigne trivselsundersøkingar på Its learning for elevane på ungdomstrinnet. Desse er ikkje anonyme og gir sosiallærar og kontaktlærarar verdifull informasjon om kva som foregår på trinna.

Skulemiljøutvalet syns det er for seint å ha slike undersøkingar i 10. klasse, og ga råd om at skulen køyrer Elevundersøkelsen for alle trinn frå 5. og oppover.  
Undersøkingane bør takas så tidleg som mogleg om hausten, dvs. etter at dei opnar i oktober.

2. Arbeid med elevanes psyko-sosiale miljø  
Rektor gjorde greie for dei ulike programma skulen brukar i dette arbeidet, i tillegg til det daglege arbeidet kontaktlærarane gjer. Skulen har ulike program frå 1.-10. trinn: Zippys venner, TL, ART, Kjærlyhet og grenser, Jentesnakk, MOT.

MOT-coach Karl Fredrik Sjøli orienterte om MOT-arbeidet på skulen slik det har utvikla seg dette skuleåret etter at skulen utdanna eigne MOT-coachar.  
Skulemiljøutvalet drøfta tankar om korleis MOT kan utviklast vidare slik at alle elevar merkar at vi er ein MOT-skule. Blant anna kan det vera aktuelt å ha ei Begeistringsveke ei av dei første skulevekene til hausten.

Skulemiljøutvalet drøfta også korleis ein kan skape sterkare samhald og inkludering blant foreldra og gjera foreldremøta til møtestader der foreldra på trinnet dannar nettverk. Leiar for Psykisk helse har kome med forslag om å ha egne foreldremøter om Zippys venner på hausten i 1. for å bidra til at foreldra blir godt kjent alt frå starten av.

Skulemiljøutvalet støtta dette forslaget, og ba om at plassering av foreldra på foreldremøta blir styrt slik at flest mogleg kjenner seg inkludert i foreldregruppa. Det er også viktig å tenke på dette på andre arrangement på skulen, t.d. sommarfestar.

#### Saker til samarbeidsutvalet

##### 1 Konstituering

Sonja Ingebrigtsen vart valt til leiar og Aasha Katrine Bergman til nestleiar.

##### 2 Orienteringar

Rektor orienterte om

- Arbeid med oppfølging etter ekstern vurdering. Det er særleg området elevmedvirkning som har hatt fokus.
- Tilsyn frå Fylkesmannen  
Fylkesmannen har varsla kommunen om at dei vil foreta tilsyn på området elevanes læringsutbytte av opplæringa i faga norsk, naturfag og mat&helse. Det er årets 6. og 9. trinn som blir omfatta av tilsynet, og elevane vil bli intervjuet av repr. frå Fylkesmannen. Dette vil foregå i begynnelsen av september.

Skulen førebur seg på tilsynet, bl.a. ved å gå gjennom rutiner og fagplanar.

- VK 16 og midtvegsevaluering  
Rektor har vore på skuleeigarsamling saman med ordørar, utvalsleiar, kommunalsjef og HTV Utdanningsforbundet. Ordførar og utvalsleiar presenterte Gols sitt utviklingsarbeid som skuleeigar.

Leiinga ved skulen vil arbeide med midtvegsevalueringa saman med foreldre (FAU-møtet i februar), elevar og lærarar.

Med helsing

Ingebjørg By Teigen  
rektor

Godkjent og ekspedert utan underskrift

Kopi til: Oppvekst og kultur/Hallvor Lilleslett/Gamlevegen 4/3550 GOL

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post	Land
Medlemer Samarbeidsutvalet				
Medlemer Skulemiljøutvalet				